

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Vår dato: 25.04.2017
Vår ref.: 201506095-5
Arkiv: 323
Dykkar dato: 16.03.2017
Dykkar ref.: Bergsvik, Steinar

Sakshandsamar:
Toralf Otnes

Trekker motsegn til detaljreguleringsplan for Hitland næringsområde - GBnr 181/5 mfl - Bergen kommune

Vi syner til brev frå Bergen kommune datert 16.03.2017. Saka gjeld detaljreguleringsplan for Hitland næringsområde. Bergen kommune har sendt revidert plan på avgrensa høyring.

NVE fremja motsegn til detaljreguleringsplan for Hitland næringsområde i brev datert 13.11.2015. Grunnlaget for motsegna var at skredfare mot planlagde byggeområde ikkje var tilstrekkeleg utgreidd. Vi sa vidare at dersom det vert gjennomført ei faresonekartlegging, og konklusjonar frå denne vert innarbeidd i plankart og føresegner, så vil grunnlaget for motsegna falle bort.

Multiconsult har no vurdert skredfaren innanfor planområdet, og utarbeidd faresonekart. Rapporten er sist datert 29.06.2016. Areal som er utsett for skredfare er markert i plankartet (sist datert 14.02.2017) som omsynssone H310_1-5 Ras- og skredfare. Der H310 og H370 overlappar ein annan er omsynssona koda H390. I føresegnene (sist revidert 20.02.2017) er det sett krav om at det skal gjennomførast sikringstiltak før område utsett for skredfare kan byggast ut.

På grunnlag av den gjennomførte faresonekartlegginga og dei endringar som er gjort i plankart og føresegner finn vi at grunnlaget for motsegna har falle bort. **NVE trekker difor motsegn til detaljreguleringsplan for Hitland næringsområde.**

Det bør gå endå tydelegare fram av føresegnene at det er tillate å etablere skredsikringstiltak i GN – Naturområde/Grønstruktur.

Med helsing

Siss-May Edvardsen
fung. regionsjef

Toralf Otnes
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsvieien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Kopi til:

Bergen kommune, Plan og bygningsetaten